

HJELMELAND KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
006/11	Formannskapet	18.01.2011

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
S11	Tor-Åsmund Hovda	11/3 11/384

HØYRING AV NY LOV OM GRØNE EL-SERTIFIKAT

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune sitt innspel til ny lov om el-sertifikat kjem fram av saksutgreiinga. Kommunen støttar forslaget til ny lov om el-sertifikat, med atterhald om tilbakeverkande kraft som me meiner må gå tilbake til 01.01.2004. Dette med bakgrunn i tidlegare politiske lovnadar, som vidare har vore avgjerande for dei investeringar som er gjort.

Hjelmeland, 10.01.2011

Arild Boganes
konstituert rådmann

18.01.2011 FORMANNSKAPET

Behandling:

Nils Jarl Nessa/AP sette fram følgjande fellesforslag frå AP og SP:

1. Hjelmeland kommune sluttar seg til ny lov om el. sertifikat.
2. Hjelmeland kommune viser elles til St. meld nr. 18 (2003-2004) der det vert slått fast at grønne sertifikat skal tre i kraft frå 1. januar 2006. Vidare vert det vist til dåverande energiminister Steensnæs si pressemelding der det også vert slått fast at "sertifikatberettiga anlegg for el. produksjon med byggestart etter 1. januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunkt."

Med bakgrunn i dette er det heilt uakseptabelt at ny lov ikkje inkluderer el. verk bygd før 1. januar 2012.

Hjelmeland kommune krev at el. verk idriftssett innan 1. januar 2006 kjem inn under ordninga med grønne sertifikat.

Røysting:

Forslag frå Nils Jarl Nessa (AP/SP) : 9 røyster – samrøystes vedtatt
Rådmannen si tilråding : ingen røyster

FSK-006/11 Vedtak:

1. Hjelmeland kommune sluttar seg til ny lov om el. sertifikat.
2. Hjelmeland kommune viser elles til St. meld nr. 18 (2003-2004) der det vert slått fast at grønne sertifikat skal tre i kraft frå 1. januar 2006. Vidare vert det vist til dåverande energiminister Steensnæs si pressemelding der det også vert slått fast at "sertifikatberettiga anlegg for el. produksjon med byggestart etter 1. januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunkt."

Med bakgrunn i dette er det heilt uakseptabelt at ny lov ikkje inkluderer el. verk bygd før 1. januar 2012.

Hjelmeland kommune krev at el. verk idriftssett innan 1. januar 2006 kjem inn under ordninga med grøne sertifikat.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	03.01.2011	Småkraftforeninga v/Henrik Glette	ANMODNING OM BISTAND FRA SMÅKRAFTNÆRINGA

Vedlegg:**Samandrag:**

Hjelmeland kommune støttar forslaget til ny lov om el-sertifikat, med atterhald om tilbakeverkande kraft som me meiner må gå tilbake til 01.01.2004. Dette med bakgrunn i tidlegare politiske lovnadar.

Fakta:

Olje- og energidepartementet(OED) har laga forslag til ny lov om elsertifikat. Lovforslaget vil gje eit rettsleg grunnlag for eit felles svensk-norsk elsertifikatmarked frå 1. januar 2012. Kommunane er ikkje høyringsinstansar, men det har vore eit politisk ynskje at Hjelmeland kjem med eit innspel til OED.

Lover, føresegrer, rundskriv:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Handel med el-sertifikat vil styrke økonomien til dei som produserar fornybar energi.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak:

Ingen

Innkome uttalar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Bakgrunnen for handel med el-sertifikat, er at det skal gjera fornybare energikjelder meir attraktive. Dei som produserar elektrisitet frå fornybare kjelder vil få tildelt sertifikat etter det kvantum dei produserar. Desse sertifikatene kan dei då selje vidare til el-produsentar som ikkje nyttar fornybare kjelder og som vert pålagt og inneha sertifikat. Ein finn også i lova at enkelte profesjonelle elektrisitetforbrukarar vil få pålegg om el-sertifikat.

Rådmannen meiner dette er ei god ordning for å gje betre økonomi til marginale prosjekt. Det opnar for å kunne satsa på fleire prosjekt. Ein har likevel eit ankepunkt til forslaget som er lagt fram. I stortingsmelding nr.18(2003-2004)- Innstilling frå energikomiteen om forsyningsikkerheit for straum mm. finn ein fylgjande: Ordninga med grønne sertifikat skal tre i kraft frå 1. januar 2006. Vidare står det: avgjerande viktig at investering i fornybar energi ikkje stoppar opp. Det visast vidare til Einar Steensnæs si pressemelding: *"Jeg vil understreke at de som bygger ut kraftproduksjon ikke skal tape på det ved en innføring av et marked for grønne sertifikater. Sertifikatberettigede anlegg for elektrisitetproduksjon med byggestart etter 1.januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater, selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunkt"*.

Ein ser no i det nye forslaget at kraftverk med meir enn 1 MW som er bygd i perioden mellom 1. januar 2004 og 7. september 2009, ikkje får vera med i ordninga. St.meld.nr.18 er berre eit av fleire politiske utspill vedr. den tilbakeverkande krafta som ordninga skulle ha. Dette har utan tvil hatt ein verdi for dei som har satsa på utbygging i denne perioden. Ein vil difor tilrå at den tilbakeverkande krafta skal gå tilbake til 01.01.2004.